

## SAK 38/11 SØKNAD OM STØTTE TIL PILOT NICE VIEW STUDIO

### Saksopplysning

I søknad motteke 15.6.2011 søker Nice View Studio (<http://www.niceviewstudio.no>) om kr. 400.000 til produksjon av pilot/animasjonssekvens) til filmprosjektet Rampus.

Det er eit skritt vidare i forhold til sak 58-10, der Regionrådet og handsama søknad om tilskot til Nice View Studio. Pål T. Rørby fremja då søknad om tilskot på kr.75.000,- til eit utviklingsprosjekt som skulle resultere i etablering av eit produksjonsselskap (Nice View Studio, heretter NVS) for 3D dataanimert film i Norge. I løpet av 2010/2011 var planane at 3-5 personar skulle sitja i Hemsedal, med digital base i Aal Stasjon, og arbeidar med dei fremste innan 3D-grafikk og animasjon, i verda. Utgangspunktet var at det vart arbeidd med planar for ein digital 3D animasjonsfilm (langfilm), der hovudfiguren er "Rampus", eit lite troll frå Haugafolket.

Regionrådet for Hallingdal gjorde slikt vedtak i sak 58-10, som fylkesutvalet følgde opp:  
*Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 75.000 til Nice View Studio ved Pål T. Rørby, til eit utviklingsprosjekt som skal resultere i etablering av eit produksjonsselskap for 3D dataanimert film i Hallingdal.*

*Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.*

Det vart totalt løyvd ca. kr. 500.000 i støtte til forprosjekt for Rampus og NVS. Midlane vart løyvd frå Hemsedal kommune, Regionrådet Hallingdal/Buskerud fylkeskommune, Sparebank1 Hallingdal, Innovasjon Norge (IN) og Norsk Filminstitutt (NFI).

I tillegg er det lagt inn ca. kr. 500.000,- i eigeninnsats for utvikling av prosjektet.

Forprosjektet er gjennomført og har fått svært positive attendemeldingar.

NVS har vore aktive under forprosjektet, med å syne seg fram, og det har vore møter med investorar, og oppretta kontakt med fleire interesserte distributørar i Norge, Norden, Europa, Russland og USA. I tillegg er det etablert kontakt med fleire ressurspersoner i Hallingdal.

Søkjjar har med bakgrunn i ovannemnte valt å føre prosjektet over i ein ny fase noko som inneber:

- Frå einskildføretak (NVS) til AS. Etablering og oppstart av Nice View Studio AS i Hemsedal
- Produksjon av ein 3-4 min. animasjonsfilm som ledd i vidare prosjektfinansiering av ein familiefilm

Det er skissert eit kapitalbehov på 4 mill.kr. der omlag 1,9 mill.kr. vert rekna som nødvendig for å produsere animasjonsfilmen medan 2,1 mill.kr. er til selskapsetablering, investeringar og driftskostnader for 1.driftsår.

Forslag til finansieringsplan.

- 3,0 mill. - Investorar i Hallingdal
- 0,4 mill. Hemsedal Kommune (løyvd 20.6.2011)
- 0,4 mill. Regionrådet/Buskerud fylke
- 0,2 mill NFI/IN

Det er skissert slik grov framdriftsplan:

- Etablere NVS og produksjon av pilot 3-4min., 12 mnd. – ferdigstilles august 2012
- Gjennomføring utviklingsfase/pre-produksjon, 12 mnd. – ferdigstilles august 2013

- Oppstart produksjon august 2013
- Ferdig familie/eventyrfilm ula 2015.

### **Vurdering**

Søkjar har dokumentert eit spennande konsept med stort potensial. Forprosjektet er gjennomført og signala frå marknaden synest å vera gode. Søkjar har tidlegare og dokumentert gründerkompetanse jfr etablering og drift av eige 3D- datagrafikkproduksjon for eigeidom, bygg- og anlegg. Men dagleg leiar har ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere kor store mogelegheiter det er for faktisk å kunne få finansiert ein digital 3D animasjonsfilm (langfilm). Samtidig er det god grunn til å tru at denne type verksemd er framtidsretta, og det er ein stor marknad for denne type produkt.

I samband med bruk av regionale utviklingsmidlar har det vore lagt vekt på at prosjekt/tiltak skal ha ein regional verdi. Det kan stilast spørsmål ved om etablering av eit produksjonsselskap i Hemsedal, for 3D dataanimert film, er av regional betydning. Dagleg leiar trur at etablering av denne type miljø vil kunne vera av stor verdi for heile Hallingdal. I tillegg til at det blir lagt opp til eit nært samarbeid med personar og fagmiljø i Hallingdal, er det viktig at Hallingdal kan utvikle eit breiare spekter av arbeidsplassar og fagmiljø, enn det som er i dag. Å få etablert denne type kreative produksjonsmiljø, er utan tvil positivt for heile Hallingdal.

Etableringa av NVS vil krevja svært rask kommunikasjonsflyt og lagringskapasitet, noko som passar godt i forhold til det arbeidet m.a. Hallingdal Kraftnett gjer med breibandutbygging og utvikling av “Aal stasjon”.

Dagleg leiar meiner dette er type prosjekt med stor grad av usikkerheit. Men på den andre sida kan prosjektet og vidare engasjement i form av kapital og framtidig marknadseffekt bidra til realisering av ei varig verksemd med store ringverknader for heile Hallingdal.

Det blir og vurdert som ei styrke at av eit totalt budsjett på 4 mill.kr., må det må på plass 3,0 mill.kr. frå investorar før prosjektet kan realiserast.

Korleis denne filmen vert teke i mot av ein internasjonal marknad, og i kor stor grad det vert mogeleg å reise kapital for ein endeleg produksjon av ein familiefilm er i dag usikkert. Det er også usikkert kor stor del av produksjonen av hovudfilmen vil gje sysselsetting i Hemsedal og Hallingdal. Samstundes, Hemsedal og Hallingdal treng nye og alternative arbeidsplassar – det NVS representera er nettopp noko nytt innan ein vekstbransje (film/ media).

Dagleg leiar har forsøkt å vega dei ulike momenta mot kvarandre og har landa på ein positiv tilråding ut i frå følgjande argument:

- Søkjar har levert “varene” i høve til forprosjektet. I ein særskild tøff konkurranse, og med små midlar kan det dokumenterast god internasjonal respons. Der tilsvarande case har millionar med utviklingskapital har søkjar sin ide og historie treft filmbransjen positivt, og det med forholdsvis små ressursar – dette vitnar om kvalitet og at Rampus kan ha noko unikt ved seg.
- Positive ringverknader for mediemiljøet i Hallingdal/Aal stasjon
- Mogelegheiter for nye og alternative arbeidsplassar som kan koma heile Hallingdal til gode.
- Søkjar legg vekt på at etableringa er eit prosjekt for heile Hallingdal. Ut frå dette forventar og dagleg leiar at etableringa blir profilert som eit Hallingdalsprosjekt.

- Eit spennande, innovativt og risikofyllt prosjekt. Etter dagleg leiar sitt syn kan det vera rett, av og til, å satse på noko som har risiko, men samstundes kan gje store ringverknader dersom det lykkast.

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 400.000,- i tilskot til etablering av Nice View Studio AS.
2. 75% av tilskotet kan utbetalast når søkjar kan dokumentere at prosjektet er fullfinansiert med 4 mill. kr., og selskapet Nice View Studio er etablert som AS.
3. Tilskotet er øyremerka investeringar i selskapet, samt dekning av kostnader til marknadsføring og promotering av animasjonsfilmen og filmprosjektet Rampus.
4. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

Ål 21.6.2011

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad, pilot filmprosjektet Rampus (unnateke offentlegheit)